



Anine - vinnar av Uskedal Fjelltrim 2011

**Etter rebusløpet i dag var det premieutdeling for Uskedal Fjelltrim 2011. Anine Enes vann klasse 0-12 år medan Arne Hauge også i år var vinnar i klassen over 12 år.**

Anine har gjort seg bemerkta som ein ivrig turgåar, og trass i sin unge alder har ho alt tilbakelagt mange tøffe turar både på ski og til fots. Ekstra imponerende vert det at ho sikra seg sigeren i Fjelltrimmen når vi veit at ho var i Spania halve fjoråret.

Det var inga overrasking at Arne Hauge vann eldste klasse slik han har gjort før. Han hadde den suverene og imponerende poengsummen 2445, likevel var han klart bak rekorden som han sjølvsagt har sjølv.

Det vart og trekt ut to vinnarar i kvar klasse. Tina Bakke Eik og Synne Eikeland fekk premie i yngste klassen medan Lars Myklebust og Silje Bråtun vart trekt ut blant dei over 12 år. Steinar Haugland og Svein O. Bråtun i turgruppa i idrettslaget stod for overrekkinga.

Når det gjeld andre deltakarar viser vi til tidlegare sak på nettsida.

Av: Thor Inge Døssland.